

Familien Nilsen har kjøpt Vertshuset, blir omdøypt til Systrene Nilsen

12.01.2011



Frøydis N. Mathisen og Gunnhild N. Hillestad har overteke Vertshuset

Familien Nilsen busett i Herøysund har nyleg kjøpt Vertshuset i Uskedalen, går det fram av ein pressemelding i dag.

**Geir Harald Nilsen og tvillingdøtrene Frøydis N. Mathisen og Gunnhild N. Hillestad (28) har planane klare for det tidlegare slakteriet.
Vertshuset blir no omdøypt - til Systrene Nilsen.**

Trioen ser for seg utleige av huset til lukka lag som dåp, konfirmasjon, jubileum, bryllaup, kurs og festar.

-Vi håpar å knytte til oss samarbeidspartnarar som kan drifte huset i aktuelle sesongar, som påske, sumar og julebord, då vi sjølvे går i full jobb utanom, skriv dei 2 i pressemeldinga og held fram:

- Vi synes det er viktig å ta vare på Vertshuset og håpar at folk i og rundt Uskedalen er glade for å få liv på kaien igjen. Så snart alle formalitetar er på plass vil huset vere mogeleg å leige for firma og privatpersonar.

Håpet er å opne dørane for restauranten til påske.

Huset har ein fantastisk plassering på kaien i Uskedalen, med båthamna, campingen og SPAR Uskedalen som nærmeste nabo, understrekar dei nye eigarane.

Røssland vart eigar av Vertshuset for 4 1/2 år sidan då han kjøpte det av Oddvar Myklebust for 2 millionar kroner etter at det hadde stått tomt i 3 år.

Røssland gjennomførte ein omfattande
renovering og dreiv det sjølv gjennom julebords- og sommarsesongane
i 2008 og 2009.

Han la det ut for sal for 1 1/2 år sidan og då for ein pris på 3,49
millionar. Sidan er prisen betydeleg redusert, sist til 1,7 millionar.
Den aktuelle salssummen ønskjer ikkje dei nye eigarane å gå ut med.

Frøydis N. Mathisen som er marknadsassistent i Noreq
og Gunnhild N. Hillestad som er kunderådgjevar i Sparebanken Vest
kjem som det går fram av pressemeldinga til å halda fram i jobbane sine.

Dei håpar på kontakt med nokon som kan drifta huset i aktuelle sesongar
og opplyser til uskedalen.no at dei har hatt kontakt med interesserte
drivarar utan at dei førebels kan gå ut med namn.

Morten Nilsen, som var drivar i siste sommarsesong, er fettaren
til Frøydis og Gunnhild.

Det nye namnet Systrene Nilsen kom etter at mange alternativ var
lansert, får vi opplyst av dei nye eigarane.

Av Ola Matti Mathisen



Vertshuset som no blir Systrene Nilsen